



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Svanhild Aksnes, 5557 2160

Vår dato
03.12.2014
Dykkar dato
15.05.2014

Vår referanse
2014/6284 523.3
Dykkar referanse

Dyrkolbotn Beitelag
v/Magnar Haugland
Nordre Hauglandsvegen 138
5314 KJERRGARDEN

Vedtak om tilskot til tiltak i beiteområde, Dyrkolbotn Beitelag

Viser til beitelaget sin søknad om tilskot til investering i beitefelt 2014 samt Fylkesmannens varsel om vedtak datert 04.07.2014.

Vedtak om tilskot til investering i beiteområde 2014 følgjer innstillinga som tidlegare varsla bortsett frå ein liten reduksjon i tilskot for tiltak med 40% tilskotssats. Etter at totalrekneskapen for tilskotsmidlane er klargjort har vi redusert tiltak som var innstilt med 40% tilskot til 36% tilskot. Alle vedtak om tilskot er i samsvar med tilråding frå Beiteutvalet i Hordaland i møte den 30. juni 2014.

I 2014 var det 40 beitelag som i alt søkte tilskotsmidlar til 74 ulike tiltak. 15 av tiltaka har fått avslag. Tilgjengelige tilskotsmidlar var i alt 710.000 kroner.

I 2014 vert det løyvd tilskot etter denne fordelinga:

- ✓ Elektronisk sporingsutstyr: tilskot på kr 300 per eining. Tilskotet er avgrensa til maksimalt 10% av tal vaksne dyr i beitelaget. Dette betyr at eit beitelag med 300 søyer maksimalt får tilskot til 30 radiobjeller/GPS-bjeller. I fjor var øvre grense 5% av søyetalet.
- ✓ For samlehegner, sankehegner, bruer for føring av dyr og liknande tiltak: tilskot på inntil 36% av kostnadsoverslag.
- ✓ Lettgrinder/stålgrinder i sanke- og skiljeanlegg: I 2013 starta vi med å gje tilskot til innkjøp av slike. Det vert i år som i fjor løyvd tilskot til slike grinder på inntil kr 125 per meter.
- ✓ For andre tiltak som meir kostnadskrevjande arbeid i hegner, ferister og bruer med større dimensjoner: tilskot på inntil 20% av kostnadsoverslag.

Beitelaget sin søknad:

Beitelaget søkte i år om tilskot til innkjøp av GPS-bjeller. Fylkesmannen løyver i samsvar med tilråding frå Beiteutvalet tilskot på inntil kr 300 per eining.

Vedtak:

Fylkesmannen løyver eit tilskot til Dyrkolbotn Beitelag, org.nr 999299024, konto nr 0530.48.11139, på kr 2.100,-

Tilskotet vert løyvd på villkår av at lovar og reglar for organisert beitebruk vert følgd (sjå §9 i i Forskrift om regionalt miljøprogram for Hordaland 2014 om *Godkjenning og krav til beitelag*).

Arbeidsfrist er 01.10.2017.

Korleis få utbetalt tilskotet?

For å få utbetalt tilskotet må beitelaget skriftleg be om sluttutbetaling. Dette skal sendast til kommunen saman med vedlagt dokumentasjon på at arbeidet er utført. Dokumentasjon som krevjast er rekneskap med bilag. Kommunen tilrår sluttutbetalinga og sender dokumentasjon til Fylkesmannen for at sluttutbetalinga skal bli utført.

Klagerett

Beitelaget har rett til å klage på dette vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at dette brevet er mottatt.

Med helsing

Åse Vaag
Landbruksdirektør

Svanhild Aksnes
Fylkesagronom husdyr

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 Isdalstø